



**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

Referat styremøte

Stad: Gloppen Hotell
Dato: Torsdag 8 desember 2022

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, styremedlem Arild Bergstrøm, styremedlem Gunhild Berge Stang, styremedlem Jan Arve Lund. Nestleiar Hanne B Oftedal hadde forfall, for henne møtte vararepresentant Anders Ryssdal

Styremedlem Kristin Maurstad har forfall. Personleg varamedlem Hilde Kvamsås Aa er kalla inn, men kan ikkje møte. Tilsettrepresentant Hilde Wiik har forfall. Vararep Knut Arve Helle er kalla inn, men kan ikkje møte.

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim, kommunikasjonsrådgevar Henning Hellebust under sak 48. Thomas Walle deltok digitalt fram til kl 1600

Ingvill Flo frå PWC deltok under sak 48.

Program:

Kl 1000: Oppmøte Gloppen Hotell
Kl 1200: Lunsjpause, kort spasertur til Nordfjord Folkemuseum. Orientering ved museumsleiar Anne Kristin Moe
Kl 1400: Styremøte med orienteringar og saker
Kl 1900: Middag for styremedlemmer og leiargruppe

Orientering i møtet:

Strategiplan 2023 – 2026
Evaluering organisasjonsprosess
Budsjett 2023
Status vedtekter
Status Jakob Sande-selskapet «Senter for forteljekunst»
Status Fellesmagasinet og vernebygg for Holvikejekta

Styreleiaren gjorde klart at styret er vedtaksført og der låg ikkje føre spørsmål om ugildskap.



Saker til handsaming:

Sak 44/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 45/2022 Referat frå styremøte 7. oktober og 24. oktober 2022

Vedtak:
Referatet frå styremøte 7. og 24. oktober blir godkjent.

Sak 46/2022 Rekneskap per 31. oktober og prognose 2022 (orientingssak) Sakshandsamar: Janne Gimmestad

Saka blir send i eiga sending seinast fredag 2. desember

Vedtak:

Styret tek rekneskapen pr 31. oktober med salsinntekter på 57 375 762 kr og eit resultat på 1 691 342 til vitende.

Prognosen er ikkje gjennomarbeidd, men viser eit årsresultat på 1 580' kr. Styret tek prognosen til vitende.

Sak 47/2022 Nøkkeltal personal (orientingssak) Sakshandsamar: Atle Reidar Sandnes


Q 3 2022

Type frávær	Frávær i %	(Q 2 2022)
Eigenmelding	1,26	(1,02)
Sjukemelding < 16 dg	0,47	(1,07)
Sjukemelding > 16 dg	3,38	(2,88)
Totalfrávær	5,12	(4,97)

Løpande 31.10.21-31.10.22

Type frávær	Frávær i %	(2021)
Eigenmelding	1,85	(1,04)
Sjukemelding < 16 dg	0,96	(0,89)
Sjukemelding > 16 dg	2,74	(1,57)
Totalfrávær	5,55	(3,50)

Utvikling over tid





Fråværet er tilbake på «normalt» nivå med tanke på eigenmeldingar og fråvæer under 16 dagar. Fråværet over 16 dagar er aukande, og er hovudårsaka til at vi no har eit totalt fråvæer på eit litt høgare nivå enn i 2020. Dette gjeld fem tilsette med kjende saker som vert følgde tett opp av næraste leiar. Ein person er gått ut av sjukemelding når denne saka blir lagd fram.

Vedtak:

Styret vurderer eit totalfråvæer på 5,12% som akseptabelt, men ber om at administrasjonen følgjer særleg godt med på fråvæer over 16 dagar.

Sak 48/2022 Strategiplan (vedtakssak)

Sakshandsamar: Henning Hellebust/Jan Heggheim

Vedtak:

Styret vedtek den framlagde strategiplanen som styringsverktøy for åra 2023 til og med 2026, med tilhøyrande årleg reviderte tiltaksplaner. Styret går ut frå at dokumentet får ein revisjon innan 31. desember 2026.

Sak 49/2022 Budsjett 2023 (vedtakssak)

Sakshandsamar: Janne Gimmestad

Vedtak:

Styret vedtek budsjettet med ei inntektsside på 67 072' kr og eit årsresultat på 1 586' kr som styringsdokument for 2023.

Sak 50/2022 Evaluering organisering (vedtakssak)

Sakshandsamar: Bjørg Espe Bolseth/Jan Heggheim

Konklusjon:

Leiargruppa har laga ein eigen handlingsplan for å svare på utfordringane, denne er har følggt orienteringane til utvida leiargruppe og personalsamlinga. Dei aller fleste punkta er dekkja av aktivitetar og handlingar i tiltaksplanen i strategi 2023 – 2026.

Der har ikkje kome fram særlege synspunkt der rapporten har vore presentert. Direktøren og leiargruppa tolkar dette slik at vi har fanga dette opp i handlingsplanen.

Vedtak:

Styret tek evalueringa til etterretning.

Styret vedtek gjeldande overordna prinsipp for organisasjonsstruktur med fire fagavdelingar som endeleg til anna vedtak vert gjort.

Sak 51/2022 Personalhandbok (orienteringssak)

Sakshandsamar: Bjørg Espe Bolseth

Styret kan lese personalhandboka via denne lenka:



<https://handbooks.simployer.com/nb-no/handbook/100006?sasid=79c5fc8a-645b-41c2-a506-f99a2b8f28e4>

Konklusjon:

Styret får høve til å halde seg oppdatert via strengen over.

Framlegg til vedtak:

Styret tek ny personalhandbok til etterretning, og ber om regelmessig informasjon om oppdateringar.

Sak 52/2022 Jakob Sande – Senter for forteljekunst (orienteringssak)

Sakshandsamar: Jan Heggheim

Kort oppsummert er dei viktigaste punkta:

- MiSF ynskjer ikkje å gå inn på ein avtale som inneber ein prøveperiode, men opnar for at avtalen kan seiast opp dersom han etter ei evaluering kan seiast å ikkje fungere etter intensjonen.
- MiSF meiner det er naturleg å overta bygningane, men dette er ikkje eit absolutt krav. Det fører mellom anna til at det ikkje kan søkjast midlar frå Fortidsminneforeningen, og det også slik at museum ikkje kan søkje på midlar frå post 75 i statsbudsjettet.
- MiSF må vere nokså trygge på at departementet er villige til å finansiere aktiviteten til Jakob Sande – Senter for forteljekunst før vi konsoliderer.

Vedtak:

Styret tek utkastet til driftsavtale til orientering, og ber om å få endeleg avtale til handsaming i februar 2023. Ein driftsavtale må danne grunnlag for budsjettsøknad 2024.

Sak 53/2022 Forskingsinfrastrukturprosjektet (orienteringssak)

Sakshandsamar: Thomas Walle

Vedtak:

Styret tek saka til vitende.

Sak 54/2022 Vedtektsendring (vedtakssak)

Sakshandsamar: Jan Heggheim

Vedtak:

Styret gjer vedtak om endring i vedtektene, som under:

Generelt:

Det vert gjort reint språklege endringar i vedtektene.

Vedtektene § 4:

1. Vedtektene fastset val av nestleiar.
2. Valperioden blir sett til 2 år, med maksimum funksjonstid på 8 år.



3. Der er nummererte varamedlemmer, første gong ved val av nytt styre i 2023. Der er tre grupper varamedlemmer: Valde av fylkeskommunen, valde av rådet og valde av dei tilsette.
4. Fylkeskommunen vel styreleiar som tidlegare.

Dette gir følgjande ny § 4:

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Styret har 7 medlemmer som vert valde slik:

- a) **Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og ein styremedlem med to nummererte varamedlemmer. Desse skal peikast ut innan 1. mars i valåret**
- b) **Rådet vel tre medlemmer med tre nummererte varamedlemmer. Av desse vel rådet ein nestleiar.**
- c) **To medlemmer med to nummererte varamedlemmer vert valde av dei tilsette.**
- d) **Nyval av styremedlemmer gjeld frå 1. mai i valåret.**

Styremedlemmene vert valde for 2 år. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.

For tilsettere representantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettere representantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år.

Tilsettere representantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.

Ved første val peikar fylkeskommunen og rådet ut ein medlem med funksjonstid på to år.

Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer/varamedlemmer er til stades, og blant desse leiar eller nestleiar.

Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande.

Styret vert innkalla så ofte leiaren finn det naudsynt eller det vert kravd frå minst tre medlemmer.

Stiftinga sin direktør deltek i styret sine møte med tale- og forslagsrett. Direktøren er sekretær for styret.

Vedtektene § 7 Rådet sine oppgåver

Ei enkel retting som følgje av val av varamedlemmer.

Dette gir følgjande ny §7 Råd:

Rådet kan gje uttale til styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår.

Rådet kan gje uttale til saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m.

Rådet skal velje tre styremedlemmer med varamedlemmer.

Rådet skal velje medlemmer til valkomiteen. Rådet fastset godtgjering til styret.

Oppløysing av stiftinga kan berre skje etter vedtak i rådet.



Sak 55/2022 Stipendtildeling (orienteringssak)

Sakshandsamar: Tor Martin Leknes

Grunngjeving / uttale

Kunstfagleg råd handsama 4 av søknadane som relevante. Rådet har lagt vekt på stipendmottakarane har tilknytning til Sogn og Fjordane og at prosjektet kan gjennomførast her. Den eine av kunstnarane har nyleg vore aktuell med eit av sine måleri på Høstutstillingen i Oslo. Den 40 år gamle kunstnaren er busett i Dale i Fjaler kommune, etter mange år med kunstutdanning og arbeid i London. I sin søknad har kunstnaren løfta fram eit prosjekt som hentar inspirasjon frå landskapsmåleri i storformat, der motiva skal hentast frå nærområda i Dale der utbygging av nye bustadar har leia til utgravingar og funn av vikinggraver. Kunstnarens bruk av ei tradisjonell kunstform som måleri, med ei konseptuell tilnærming, er svært interessant.

Den andre mottakaren av stipendet har delteke på ei rekkje utstillingar over heile verda, og er representert i fleire offentlege samlingar. Kunstnaren har med utgangspunkt i eit våtmarksområde i Steinavågen i Kinn kommune, utarbeida eit prosjekt med namn «Torvmyra». Kunstnaren vil undersøkje staden med kamera og lydutstyr, både over og under vatn. Frå gammalt av var denne våtmarka ein stad der folk kunne forsyne seg med torv, medan det i dag er prega av uforstyrta dyre- og planteliv. Våtmarker er i dag viktige premissleverandørar for desse artsmangfalda, og kunstnarens engasjement for staden og temaet skal leie fram til eit multimedialt kunstprosjekt som vi gler oss til å følgje med på vidare.

Det er ei glede for Musea i Sogn og Fjordane å kunne gje BKH-stipenda for 2022, til kunstnarane Erik Hovland og Anne-Lise Stenseth.

Vedtak:

Styret tildeler Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt BKH-stipend 2022 til kunstnarane Erik Hovland og Anne-Lise Stenseth.

Sak 56/2022 Utstillingsplanane for 2023 (orienteringssak)

Sakshandsamar: Synnøve Bjørseth/Tor Martin Leknes

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 57/2022 Eventuelt

Der var ikkje melde saker til eventuelt, og det vart ikkje teke opp saker i styret

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 6 pages before this page
Dokumentet inneholder 6 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 6 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 6 sider før denne side

Detta dokument innehåller 6 sidor före denna sida

Ivar Kvalen

4ad01e0a-4eb2-41fb-80e5-142e091c0571 - 2023-01-02 14:17:29 UTC +02:00
BankID - c2c353b1-67ae-4327-a308-9aeeeb65776 - NO

Anders Ryssdal

501a8b4d-1bc0-4e92-b9d2-60860a49eb2 - 2023-01-02 16:09:03 UTC +02:00
BankID - 420fae29-b686-412e-ae0d-c11b00ab7398 - NO

Jan-Arne Lund

e44c7264-ca50-4bb5-8d22-542ad13e4413 - 2023-01-03 08:38:50 UTC +02:00
BankID - 47eab16e-d22d-477b-b1e4-c38cc06ee88fb - NO

Kristin Maurstad

8e6f02c-91ae-4cca-a189-978897b66865 - 2023-01-03 09:53:57 UTC +02:00
BankID - 82b504cc-6ca6-4d7e-b6ca-d0946305a07c - NO

Arild Bergstrom

02bc0e98-32f2-4abd-8eae8-e71e27e0544 - 2023-01-03 11:15:36 UTC +02:00
BankID - 4aa5ff47-206e-453a-807b-8ebad25116d39 - NO

Hilde Wikk

41e4060b-c80d-4bad-b806-387b8db4e211 - 2023-01-05 09:11:59 UTC +02:00
BankID - 053c01ab-b044-404c-8ce6-11db8973c50 - NO

Gunhild Alis Berge Stang

7839eedd-80cb-49f2-a85d-a43c7545afed - 2023-01-06 12:36:06 UTC +02:00
BankID - 9e410c0b-c774-4cc4-b762-96cabbdf64e85 - NO

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 7 pages before this page

Dokumentet inneholder 7 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 7 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 7 sider før denne side

Detta dokument innehåller 7 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 8 pages before this page
Dokumentet inneholder 8 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 8 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 8 sider før denne side

Detta dokument innehåller 8 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende